



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON 56 35 05 55
TELEFAX 56 35 28 00

KOPI

Malfred Olsen

J.L.Mowinkelsv. 23
5033 FYLLINGSDALEN

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 23.04.97

FFO/hha/97/1890/215/061/001

**TILBYGG TIL HYTTE (> 30M²) MELDT SOM MINDRE
BYGGJARBEID ETTER § 86 A I PLAN- OG BYGNINGSLOVA.
OLSEN MALFRED - GNR.215 BNR.061 - EIDSNES YTRE**

Meldinga Dykkar om mindre byggjarbeid etter Plan- og bygningslova § 86a vart motteke på teknisk etat den 17.04.97.

Forvaltningssjefen har ingen merknader til byggjarbeidet, men De må venta til fristen for naboane til å komma med merknader har gått ut (14 dagar) og til sakshandsamingsgebyr er betalt, før De set i gang arbeidet/bygginga.

Som dei fleste andre kommunar praktiserer også Lindås kommune førehandsinnkreving av gebyr for sakshandsaming. Dette vert gjort med heimel i § 109 i Plan- og bygningslova, og vi viser også til kommunen sitt gebyrregulativ pkt. 7 A, vedteke av Lindås kommunestyre.

Med bakgrunn i ovannemnde tillet til oss å sende Dykk rekning på gebyret, som vert:

Byggesakshandsaming etter § 86A kr 357 (minstegebyr)

Rekninga vert sendt frå økonomikontoret til Dykk i slutten av veke 17.


Vi rår Dykk til å ta kontakt med teknisk etat omlag den 2. mai for å forsikra Dykk om at det ikkje har komme innvendingar som krev at saka må handsamast som søknad om byggjeløyve etter PBL § 93.

Vidare gjer vi merksam på at De som byggherre er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

SOM BYGGHERRE PLIKTAR DE M.A. Å MELDE FRÅ NÅR ARBEIDET STARTAR.
(Sjå vedlegg til byggherre/ansvarshavande)

LUKKE TIL MED BYGGINGA!

For forvaltningssjefen


Hildur Halland
avd. leiari